



**PLANSKILDING TIL  
KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL  
2011 – 2023**

## INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEDNING.....</b>	<b>3</b>
1.1	BAKGRUNN.....	3
1.2	HEIMELSGRUNNLAG .....	3
1.3	FORHOLDET TIL OVERORDNA PLANAR .....	4
1.4	FORHOLDET TIL LOKALE PLANAR .....	5
1.5	FORHOLDET TIL PLANPROGRAMMET OG SAMFUNNSDELEN .....	5
1.6	OPPBYGGING OG PLANDOKUMENT .....	6
1.7	ORGANISERING .....	7
1.8	FRAMDRIFTSPLAN.....	8
1.9	DELTA KING .....	8
1.10	PLANARBEIDET .....	10
<b>2</b>	<b>AREALDELEN – PLANKARTET .....</b>	<b>12</b>
2.1	BAKGRUNN.....	12
2.2	INNHALDET I PLANKARTET MED VERKNADER .....	12
	BYGGJEOMRÅDE FOR HEILÅRSBUSTADAR.....	13
	BYGGJEOMRÅDE FOR FRITIDSBUSTADAR .....	15
	NÆRINGSFØREMÅL .....	15
	NAUST .....	16
	SMÅBÅTHAMN.....	16
	FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL .....	17
	OMRÅDER FOR RÅSTOFFUTVINNING .....	17
	LNf-OMRÅDER.....	17
	BANDLAGDE OMRÅDE .....	19
	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG .....	19
	UNIVERSELL UTFORMING .....	20
<b>3</b>	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>20</b>

## 1 INNLEDNING

### 1.1 BAKGRUNN

Alle kommunar er gjennom plan- og bygningslova (pbl.) pålagde til å utføra ei kontinuerleg kommuneplanlegging. Viktige oppgåver og mål lagt til kommunane skal visast i kommuneplanen. Denne skal jamleg vurderast revidert slik at oppgåver og mål kan gjennomførast. Frå pbl. § 11-1 følgjer det at:

*”Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn”.*

Kommuneplanen er dermed kommunane sitt overordna plandokument, der arealdelen spesielt skal syna ei langsiktig arealdisponering på land og i sjø. Nye tiltak skal skje i samsvar med planen. Kommuneplanen skal vise framtidig arealbruk og gjenspegla framtidsvisjonane til kommunen. Kommunen skal i forkant av kommuneplanarbeidet, gjennom planstrategi og planprogram, ta stilling til kva slags utvikling ein ønskjer i kommunen.

Kommuneplan for Sveio 2003 - 2015 har behov av ein større revisjon, delvis med bakgrunn i ny plan- og bygningslov og dels på grunn av utviklingstrendar og utviklingsbehov i kommunen. Med utgangspunkt i det politisk vedtekne planprogrammet er målsetinga mellom anna å leggja til rette for befolkningsutvikling og næringsverksemd. Av denne grunnen vil ny kommuneplan bera store preg av å vera ein ny plan, meir enn å vera ei mindre rullering av eksisterande. Sveio kommune ønskjer no gjennom revidering av kommuneplanen å leggja grunnlaget for eit berekraftig samfunn der Sveio, med si sentrale plassering i Sunnhordland og på Haugalandet, ligg ”*midt i leio*”. Her skal det vera godt å bu og arbeida. Planen har ein tidshorisont fram til 2023.

### 1.2 HEIMELSGRUNNLAG

Kommuneplan er heimla i pbl. kapittel 11. Planen er sett saman av ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen er i sin tur delt inn i planskildring, plankart, planføresegner, retningslinjer, konsekvensutgreiing med ROS-analyse og andre vedlegg. Plankart og planføresegner er til saman den juridisk bindande delen av kommuneplanens arealdel med rettsverknad etter pbl. § 11-6. Retningslinjer er rettleiande og kan ikkje nytast som heimelsgrunnlag for vedtak i seg sjølv. Retningslinjene skal i tillegg til føresegnene gje rådmannen og planutvalet fleire haldepunkt i skjønnsvurderinga, for praktisering av planen og ei felles forståing av korleis ein skal vurdere planar og tiltak etter kommuneplanen.

## 1.3 FORHOLDET TIL OVERORDNA PLANAR

Dei overordna føringane, nasjonale, regionale og kommunale (kommuneplanens strategidel), skal leggjast til grunn for arbeidet med arealplanen. Følgjande dokument er nokre av dei viktige overordna dokument for kommunal planlegging;

### Nasjonale føringar

- *Plan- og bygningslova* (2008)
- *Forskrift om konsekvensutredninger*, FOR 2009-06-26 nr. 855
- *Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister* (kart- og planforskriften), FOR 2009-06-26 nr 861.
  - Standardisert framstilling av plankart med nasjonal produktspesifikasjon for arealplan.
- St. meld. Nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*.
  - Berekraftig areal- og transportpolitikk.
  - Bevaring av naturen sin mangfald og friluftsliv.
  - Bevaring og bruk av kulturminner.
  - Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn.
  - Eit stabilt klima og rein luft.
- St.meld.nr.29 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder*
- *Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging*, FOR 1993-08-20 nr 817
  - Berekraftig utvikling og samfunnøkonomisk ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.
- *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*, FOR 1995-09-20 nr 4146
  - Barn og unge sine interesser skal ivaretakast i planlegginga. Sveio kommune har vidareført ordninga med barnerepresentant frå pbl. 1985.
- T-1442, *Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging*

### Regionale føringar

- *Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008*, Hordaland fylkeskommune
  - Fylkesplanen skal leggjast til grunn for den kommunale planlegginga og satsingsområde er næringsutvikling, kompetanse, kultur og transport/areal/miljø.
- Fylkesdelplan 2006 – 2009, *Deltaking for alle – universell utforming*, Hordaland fylkeskommune
  - Målsetnaden er tilrettelegging for alle brukargrupper, slik at ein unngår spesialløyisingar for dei med særskilte behov.
- *FylkesROS Hordaland 2009, Risiko- og sårbaranalyse for Hordaland fylke*, Fylkesmannen i Hordaland
- *Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland*, strandsonerettleiaren, Fylkesmannen i Hordaland/Hordaland fylkeskommune

# KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023

## 1.4 FORHOLDET TIL LOKALE PLANAR

Gjeldande kommuneplan for Sveio blei vedteken i 2003 og vert no erstatta av den nye planen med planperiode frå 2011 til 2023. Kommunen har to kommunedelplanar, ein for Førde og ein for Sveio sentrum. Kommunedelplanane skal fortsette som sjølvstendige planar og vert vurdert rullert på eit seinare tidspunkt. Arealdelen dekker heile kommunen sitt areal med unnatak av dei to kommunedelplanane og dei reguleringsplanar som fortsett skal gjelda med plankart og føresegner. Reguleringsplanar ligg i plankartet som omsynssone (jf. pbl. § 11-8, bokstav f) og visast med kvit farge og er markert med PlanId. I vedlegg nr. 1 til planskildringa ligg liste over alle gjeldande reguleringsplanar. Sveio har utarbeida ein kystzoneplan. Denne planen er ikkje gjort juridisk bindande, men i kommuneplanarbeidet har kystzoneplanen vore brukt som temaplan for vurdering av nye friluftsområder og byggeområder til sjøen.

Gjeldande kommuneplan og kommunedelplanar:

PLANFORM	DATO FOR VEDTAK	SAKSNR.
Kommuneplan for Sveio 2003 – 2015	06.10.2003	053/03
Kommunedelplan for Førde	03.12.2007	076/07
Kommunedelplan for Sveio sentrum	04.10.2010	054/10

## 1.5 FORHOLDET TIL PLANPROGRAMMET OG SAMFUNNSDELEN

Planutvalet vedtok i møte 03.12.2007 planprogram for kommuneplanarbeidet og at følgjande hovudtema skulle prioriterast ved rullering av kommuneplanen;

- Samfunns- og næringsutvikling
- Samferdsle
- Differensiert arealforvaltning
- Utvikling mot rekreasjonssamfunnet
- Samarbeid med nabokommunar og regionar
- Tilhøve til regionale styresmakter
- Partnerskap for samhandling mellom det offentlege og private

Alle desse hovudtema kan ikkje visast direkte gjennom arealdelen, men følgjast òg opp i samfunnsdelen. Samfunnsdelen skal i sin tur leggja føringane for arealbruken, og dette skal visast gjennom plankartet og føresegnene. Dei overordna måla for den kommunale planlegginga vert på slik måte følgt opp i juridisk form i arealdelen. Det oppstår dermed dualisme mellom samfunnsdel og arealdel. Mellom anna kan mål som gjeld samfunns- og næringsutvikling visast i plankartet gjennom at det vert lagt ut nye offentlege områder og areal til bustadbygging og næringsverksemd. Samferdslemål kan visast med nye vegstrekningar og gang- og sykkelveggar i plankartet.

## **1.6 OPPBYGGING OG PLANDOKUMENT**

### **PLANKART OG FØRESEGNER**

Kommuneplanen sin arealdel skal vise bruk og vern av areala i kommunen, både i sjø og på land. Arealbruken vil gå fram av plankartet med føresegner. Plankartet viser korleis areala er tenkt disponert og kor areal for utbygging er tenkt lokalisert. Føresegnene gjev meir detaljerte føringar for korleis utbygginga kan skje for dei ulike føremåla. Denne delen av kommuneplanen er juridisk bindande, noko som gjev forutsigbar handsaming av planar og enkeltsaker. I tillegg vil planskildding og konsekvensutgreiingar med tilhøyrande materiale liggja ved som utdjuping til plankartet og føresegnene, og vise bakgrunn og grunngevingar for planlagt arealbruk.

### **RETNINGSLINER**

Det kan knytast retningsliner til plankart og føreseger. Desse er ikkje juridisk bindande, men rettleiande for kommunen si sakshandsaming.

### **PLANSKILDRING**

Planskilddinga har på lik line med retningslinene ikkje nokon juridisk bindande status, men må sjåast på som eit utvida saksframlegg. Skilddinga gjev utdjupa informasjon om planforslaget sin bakgrunn og innhald i større grad enn plankart og føresegner. Planskilddinga er meint som eit hjelpemiddel ved praktisering av planen.

### **KONSEKVENSENTGREIING MED ROS-ANALYSE**

Krav til konsekvensutgreiing for alle nye byggeområder i kommuneplanarbeidet er lovfesta i pbl. § 4-2, andre ledd. For alle overordna planar, og planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det gjevast ein særskilt vurdering og skildding av dei ulike verknader.

Konsekvensutgreiinga skal fungera som eit verktøy for å oppnå best mogleg arealutnytting med minst mogleg konflikstar. Den skal vidare avklare behov for avbøtande tiltak, og synleggjera at ein har eit godt grunnlag for vedtak om framtidig arealutnytting. Sentralt her er å vurdere samfunnsnytte opp i mot omsynet til ulemper og verneinteresser. Risiko- og sårbaranalyse, ROS-analyse, er også lovfesta i pbl (jf. pbl § 4-3). Her ver slik analyse bakt inn i konsekvensutgreiinga.

### **SAKSFRAMLEGG**

Med utgangspunkt i saksframlegget og dei prenta vedlegg som vert lagt ved skal vedtaksorgan ta stilling til saka og fatta vedtak om godkjenning av kommuneplanen.

### **VEDLEGG**

Vedlegg 1a i planskilddinga viser soner der det skal takast omsyn til kulturminner og kulturmiljø.


Vedlegg 2a i planskildringa viser liste over omsynssoner basert på kartlegging av viktige natur- og viltområder i kommunen.

Vedlegg 1b til føresegnene viser liste over alle gjeldande reguleringsplanar som framleis skal gjelda i ny kommuneplan.

Vedlegg 2b til føresegnene visar liste over alle LNF-områder der det er tillete med spreidd bustadbygging, og kor mange nye bustader som får byggjast i områda under planperioden.

## 1.7 ORGANISERING

Planutvalet, hovudutval teknisk/næring (HTN), fatta i møte 12.11.2007, vedtak om at arbeidet med rullering av kommuneplanen skulle starta opp. Rådmannen la så, i møte 03.12.2007, fram ein organisasjonsplan for planprosessen og planarbeidet:



Administrativ arbeidsgruppe rapporterer til styringsgruppa om arbeidet i kvart møte, og legg delmål til uttale og vedtak etter behov for framdrifta av planarbeidet.

Styringsgruppa rapporterer direkte til kommunestyret, som skal ha jamnlege løypemeldingar om arbeidet minst to gonger i året. Styringsgruppa består av planutvalet, HTN.

Politisk referansegruppe rapporterer til styringsgruppa, men det er naturleg at idear, innspel og forslag går direkte til den administrative arbeidsgruppa.

# KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023

Administrativ referansegruppe rapporterer til administrativ arbeidsgruppe. Rådmannen peika, 22.02.2008, ut følgjande som medlemmar i den administrative arbeidsgruppa:

Kommunalsjef	Mikal Møller Hovda
Kommunalsjef	Solfrid Lier Habbestad
Utviklingssjef	Kristian Birkeland
Konsulent	Vibeke Haugland
Avdelingsleiar	Bjarne Hetlesæter
Rådgevar	Reidar Skjerping
Seniorrådgevar	Geir Ragnhildstveit
Avdelingsingeniør	Svein Magnus Tveit

Mikal Møller Hovda blei leiar av arbeidsgruppa og Vibeke Haugland sekretær. Mandatet for gruppa og arbeidet som skulle gjerast ville gå fram av planprogrammet. Under planprosessen har kommunalsjef M. M. Hovda teke plassen som rådmann, og utviklingssjef K. Birkeland og rådgevar R. Skjerping har slutta. Vidare har rådgevar Åse Aleheim og rådgevar Kristian Råsberg kome med i gruppa.

## 1.8 FRAMDRIFTSPLAN

Framdriftsplanen har vore endra fleire gonger under planprosessen. Vedtak av ny plandel til plan- og bygningslova 1. juli 2009 medførte auka krav til planprosessen med konsekvensutgreiing og ROS-analyse for alle nye byggjeområde. Dette forholdet vart ikkje vurdert i startfasa av planprosessen. Det kom også fram i prosessen med plankartet at revidering av gjeldande arealdel vart meir omfattande enn først tenkt, då innhaldet i planprogrammet skilde seg frå gjeldande kommuneplan og innspela til kommuneplanarbeidet var fleire enn venta.

Handsaming av kommuneplanens arealdel:

SAKSHANDSAMING ETTER PBL	DATO FOR VEDTAK	SAKSNR.
Planprogram	19.06.2008	047/08
1. gongshandsaming i planutvalet	15.11.2010	
Offentleg ettersyn i perioden	Nov-2010/jan-2011	
Vurdering merknadar/uttalar	Feb 2011	
2. gongshandsaming i planutvalet	Sumaren 2011	
Vedtak	Hausten 2011	

## 1.9 DELTAKING

For at arealplanen skal bli eit best mogleg verktøy for framtidig arealbruk, vart det tidleg i planfasen lagt opp til ein stor medverknad. Det skulle leggjast til rette for ei brei deltaking



frå innbyggjarar, publikum, private aktørar/verksemder, organisasjonar/lag og regionale styresmakter.

## FOLKEMØTER/ANDRE MØTER

Mellom september og november i 2008 blei det halde åtte folkemøter om kommuneplanarbeidet for krinsane i kommunen, Vikse, Vandaskog, Auklandshamn, Sveio sentrum, Lid, Førde, Bua, Valestrand. I møta blei det vist ein kort presentasjon av kommunen og av planarbeidet og dei oppmøtte blei oppfordra til diskusjon, gruppearbeid og innspel.

Kommunen har vidare halde møter med næringslivet, med ungdomsrådet, i ungdomsskulene og blant innvandrarakar om kommuneplanarbeidet og det er halde ein omfattande telefonundersøking om korleis trivesel, ønskjar og forventingar til kommunen.

## INNSPEL

Publikum, interesseorganisasjonar, verksemder m.v. vart oppfordra til å koma med skriftlege innspel til kommuneplanen. Til saman har det kome inn 202 private innspel, 24 innspel frå ulike verksemder og konsulentar, 3 uttalar frå to kommunar (Haugesund og Vindafjord), 25 merknader/innspel frå offentlege uttaleinstansar. I tillegg kom det fleire innspel på folkemøta, slik at det er ca 300 skriftlege innspel til planarbeidet. Alle innspel, uttalar og merknader til arealdelen er vurdert og teke stilling til i forbindelse med handsaming av arealplanen. Alle konkrete forslag til endringar vil visast i ei liste, med kort avklaring av kvifor området vert teke med eller kvifor det vert teke ut av forslaget. Det vert elles synt til konsekvensutreiing for dei områda kommunen valde og gå vidare med.

## INTERNE MØTER

Samtidig som ein har halde offentlege møter har administrativ arbeidsgruppe og styringsgruppa halde ei rekke møter. Politisk referansegruppe har vore informert, og planutvalet som styringsgruppe har teke avgjerder i prinsipielle spørsmål under vegs i planprosessen.

Administrativ arbeidsgruppe har lagt fram planforslag under prosessen og bedt om innspel frå politikarane. Det har omhandla spørsmål som går på det om det er nok byggjeområde for dei ulike føremåla, om viktige samfunnsfunksjonar vert fanga opp i plankartet, om det er for lite eller for mykje fokus på nokre områder og om avgrensinga av arealbruk i sjø.

## PLANFORUM

Målsetnaden med planforum er at det skal bidra til gjensidig informasjon, drøfting og avklaring av planspørsmål og sektorinteresser mellom kommunar, fylke og sektormynde.

Det vart halde eit møte i planforum 29.01.2008, der Sveio kommune møtte Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Fiskeridirektoratet og Kystverket. Her vart

planprogrammet diskutert og vurdert. Vidare vart det halde møte i planforum 26.05.2009 om arealdelen til kommuneplanen. Til stade var representantar for Sveio kommune, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet. Sveio kommune synte på det tidspunktet prinsippa for arealdelen under utarbeiding. Dette vart diskutert og møtet vart fruktbart sjølv om ikkje plankartet førelåg. Det vart gjeve gode innspel om forhold som måtte vurderast vidare i planarbeidet. Mellom anna vart det diskutert sentrumsutvikling, spreidd fritidsbebyggelse, småbåthamnar, kystsoneplanen og dets legalitet, næringsutvikling, samferdsle, busetnad, levevilkår m.v. Mykje av det som vart drøfta i møte er vurdert vidare og teke til følgje i planarbeidet.

## 1.10 PLANARBEIDET

### RETNINGSLINER FOR UTARBEIDING AV AREALDELEN

Med utgangspunkt i planprogrammet vart det utarbeidd ”*Retningslinjer for utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen*”. Desse vart presenterte for administrativ referansegruppe i møte 14.05.2009 og reviderte 07.06.2009. Dokumentet skulle brukast som eit internt arbeidsdokument. Retningslinjene vart lagt til grunn for utforminga av plankartet, og ved vurdering av innspela til planarbeidet. Ved hjelp av retningslinjer skulle ein leggja grunnlaget for lik handsaming av alle innspel, og for felles forståing av kva kriterier som vart stilt til områder som skulle koma med vidare i planarbeidet.

### OMSYNSSONER

Arbeidet med å laga kommuneplankartet starta med at dei av rådmannen utpeikte deltakarane i den administrative arbeidsgruppa, gjorde ei overgripande vurdering av områder med verneverdi eller konflikter av ein slik karakter at utbygging ikkje er ønskeleg. Gjennom å tidleg sette ramar for kor dei mest verneverdige areala fins, vart vurderingar av nye byggeområde lettare og ein unngår på eit tidleg stadium openbare konfliktområde. Desse områda er synte med omsynssoner i plankartet, natur, kultur, friluft, landbruk og restriksjonar av ulik karakter.

### VURDERING AV INNSPEL

Vidare arbeid med plankartet gjaldt lokalisering av nye byggeområder. Ein tok utgangspunkt i alle innspel til kommuneplanarbeidet. Alle skriftlege innspel blei digitalisert i eit kart, og lagt inn i ei innspelsliste. Der kommunen i vurderinga av innspela fant forhold som skapar avgjerande konflikt med andre viktige interesser og/eller der det ikkje var samsvar med retningslinjene for arbeidet, ville innspela falla ut av arbeidet si fyrste fase. Soleis har ingen innspel vorte tekne ut av planprosessen om dei ikkje har vore i konflikt med ulike interesser eller overordna føringar.

Alle innspel vart konkret vurdert minst ein gong. Det vart i fyrste fase gjennomført ei grov vurdering med fokus på dei innspel som ville vera i klar konflikt med interesser for samfunn og miljø. Dette er innspel som seinare i ein obligatorisk konsekvensutgreiing likevel ville koma til å gå ut av forslaget. Konfliktene kunne gjelde mellom anna strandsonevern eller

jordvern. Mange innspel falt ut i denne delen av prosessen. Det kunne gjelda bygging av fritidsbustader, naust og rorbuer i strandsona eigna for friluftsliv, eller der terrenget ligg urørt eller vanskeleg let seg bygge ut utan store inngrep.

Før plankartet vart teikna vart det gjennomført enno ei grovsortering av innspel. Her vart det teke utgangspunkt i retningslinene for utarbeiding av arealdelen. Dei forhold som vart vurderte gjaldt mellom anna:

- overordna mål for eksisterande og nye bustadområder,
- at områder med manglande infrastruktur ikkje skulle leggjast som byggjeområde,
- at fortetting og varsam utviding av byggjeområder for fritidsbustader kunne tillatast i utbygde områder med god infrastruktur
- naustutbygging i form av fortetting og utviding av eksisterande naustområder
- sentrumsutvikling og tilrettelegging for vidare utvikling av bygdesenter
- å leggja til rette for nye offentlege og private næringsområder langs hovudferdselsårene, men å unngå avgjerande konflikt med andre byggjeområder og verneinteresser.

Konfliktgrad vart vurdert mot omfang og samfunnsnytte, og atter fall fleire innspel bort i denne prosessen. Dei attverande områda vart tekne med vidare i prosessen til konsekvensutgreiing. Samtlege område vart synfarte og konkret vurderte i forhold til ei sjekklister. Denne vart utarbeidd spesielt for konsekvensutgreiinga, og vurdert av Fylkesmannen i Hordaland. No måtte innspela vegast opp mot dei eventuelle andre interessene som kunne gjelda for området. Døme kan vera lokale tilhøve, kulturminner og kulturmiljø, landskapstrekk, landskapsmiljø, strandsonevern, landbruksareal, viktig naturmiljø, viktige viltområder, terrenginngrep, avkøyringsforhold, vegforhold i området, vatn og avløp, m.v.

Der det under konsekvensutgreiinga vart avdekt konflikt, vart det alltid søkt å finne alternative løysingar (avbøtande tiltak) for å framleis ta innspelet med vidare i plankartet. Nokre områder vart med vidare i justert form, og med andre avgrensingar eller føremål enn opphavleg, medan andre vart tilrådde tekne ut av planforslaget. Konklusjonane og vurderingane vart lagde fram for styringsgruppa, der ein tok stilling til områda og gav signal om utarbeiding av plankartet.

## 2 AREALDELEN – PLANKARTET

### 2.1 BAKGRUNN

Med utgangspunkt i samfunnsdelen, som i sin tur bygger på planprogrammet, skal arealdelen vise hovudtrekka i arealdisponeringa og setje rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponeringa av areala.

Arealføremåla til kommuneplanen er gjevne etter plan- og bygningslova. Det kan likevel leggast underføremål til desse for å spesifisera kva ein ønskjer med arealdisponeringa. For eksempel kan ein leggja inn byggjeområde for bustader som underføremål til hovudføremålet Bygningar og anlegg (jf. pbl § 11-7, nr. 1).

Under visast korleis prinsippa i planprogrammet skal oppretthaldast gjennom dei ulike føremåla i plankartet til arealdelen.

### 2.2 INNHALDET I PLANKARTET MED VERKNADER

Planforslaget legg opp til å vidareføra hovudtrekka i gjeldande plan, med dei tillegg som er naudsynte for å få realisera intensjonane bak planprogrammet.

Byggjeområder er områder kor det er, eller vert planlagd, utbygging med differensiert arealbruk. Arealbruken går fram av kommuneplankartet. Byggjeområda omfattar areal til mellom anna heilårsbustadar, fritidsbustader, næringsverksemd, offentlege føremål, småbåthamnar, naust og turist- og fritidsføremål. Plankartet viser så vel noverande byggjeområder som framtidige.

#### AREALOVERSIKT OVER NYE BYGGJEOMRÅDER OG ANDRE AREALFØREMÅL

NYE BYGGJEFØREMÅL	DAA
Heilårsbustad	1296
Fritidsbustad	14
Næring	1393
Offentleg føremål	752
Kombinert næring/bustad	6
Småbåthamn	122
Naust	16
Fritids- og turistføremål	61
Masseuttak	263
Energiproduksjon	270

## KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023

---

Vassforsyning	227
Hamn	227
Skytebane	312
<b>SUM heile kommunen</b>	<b>4959</b>

<b>BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG</b>	DAA
Akvakultur	544
FFNFA	9015
<b>SUM heile kommunen</b>	<b>9559</b>

Samla areal for LNF-område med omsyn

<b>LNF-OMRÅDER</b>	DAA
LNF-L	11749
LNF-N	321
LNF-F	16799
<b>SUM heile kommunen</b>	<b>28869</b>

For alle ubygde byggjeområde vert det sett krav til reguleringsplan før dei kan byggjast ut (jf. føresegnene § 2.2.1). Først når områda er regulerte er arealbruken endeleg fastsett med kva type utnytting og som tillatast i området. Med utgangspunkt i storleiken på områda med spesifisert føremål, kan ein berekne kva kommunen finn truleg vil skje av bebyggelse i planperioda 2011-2023. Det er avgjerande at det i denne berekninga takast omsyn til ein større andel grøntareal, ilag med dei trendane kommunen har opplevd i inneverande planperiode frå 2003. Vidare vektast dette mot det ambisjonsnivået som mellom anna gjerast gjeldande i planprogrammet.

### BYGGJEOMRÅDE FOR HEILÅRSBUSTADAR

Sveio skal vera ei god kommune å bu i. Planprogrammet og *Retningsliner til utarbeiding av arealdelen* visar at det skal leggjast til rette for utviding av eksisterande bustadområde så vel som for nye bustadfelt nær eksisterande offentleg infrastruktur. Det visast også at ein bør vera forsiktig med å leggja ut nye områder utan naudsynt infrastruktur. Planprogrammet viser mål om så vel bygdeutvikling som senterstruktur. Dette visast i plankartet gjennom at det vert lagt ut fleire nye byggjeområde for heilårsbustader, og at fleire eksisterande LNF-områder med føresegner om spreidd bustadbygging vert utvida.

Ved lokalisering av nye byggjeområde for heilårsbustadar vert det lagt fokus på nordre og søre del av kommunen, samt vidareutvikling av Sveio sentrum.

I plankartet er det sett av ca 1296 daa nytt areal til bustadformål. Det vert lagt til grunn 2 daa pr. tomt inklusive areal for uteopphald som leikeplassar, felles grøntareal og andre funksjonar

## KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023

---

som parkering, vegareal m.v. Her tek ein òg høgde for ein andel fleirmannsbustadar, i tråd med den trenden kommunen har opplevd dei siste åra (ca 25%). Etter denne oppstillinga kan det i planperioda på nye byggjeområde først opp 739 bueiningar, fordelt på 557 einebustadar og 91 tomannsbustadar. Utover dette bereknast det å vera areal til bustadføremål tilsvarande 200 nye bueiningar i eksisterande, regulerte/uregulerte byggjeområder for bustader i kommunen. Vidare vil det førekoma noko spreidd bustadbygging i avsette LNF-område. Siste års tal på bebyggelse i LNF-spreidd tilseier at det er realistisk å vente seg om lag 60 einebustadar i planperioda.

Sveio kommune berekna med dette ca 1000 nye bueiningar i perioda 2011-2023, eller ca 83 bueiningar per år. Dei siste åra har kommunen godkjend mellom 80 og 123 bueiningar per år. Dette er meir enn dobbelt den berekninga ein gjorde for kommuneplanen sin arealdel 2003-2015. Planen er offensiv og legg opp til at utviklinga skal halde fram.

Sveio ligg med tilknytning til den delen av landet som nest etter Oslo har høgast fødselsoverskott (Befolkningsstatistikk, folkemengd 1. juli 2010, SSB). Per 1. juli 2010 budde det 5048 innbyggjarar i kommunen. Dette representerar ein auke på over 300 personar sidan 1. januar 2006, og 375 i inneverande planperiode (2003). Folketalsutviklinga har vore positiv i heile planperioda, og særleg dei siste fem åra har folketalet auka kraftig. Vidare ligg kommunen sentralt plassert mellom byane Haugesund, Stord, Bergen og Stavanger. Ein forventar at kommunen i kommande planperiode vil dra enno større nytte av si sentrale plassering langs hovudferdselsårene i regionen. Dei siste åra peikar klårt i den retninga.

Når nybygging skal bereknast må ein òg ta høgde for demografiske trendar innad i kommunen, og ikkje berre fokusere på nettotilflytting. Kommunen reknar at minst ein tredjedel av den nybygginga som har skjedd i kommunen dei siste åra ikkje medført tilflytting, men er eit resultat av intern flytting i kommunen. Somme delar av kommunen vert fråflytta til fordel for nyare og meir sentralt plasserte bustadar. Jamførar ein berekna nybygging opp i mot denne særskilte faktoren, samt storleiken på gjennomsnittshushaldet (2,26 personar per 1997, Johansson, L. 2000), kjem ein ut omkring målet til kommunen om 2% folkevekst per år.

SSB sine prognosar for Sveio talar òg i same retning, men tek då ikkje høgde for bustadbygging utan tilflytting. Gitt den positive utviklinga i Sveio dei siste fem åra, legg me til grunn høgalternativet til SSB. Folketalet er då venta å auke til frå 5085 i utgongen av 2010 til 6143 ved utgongen av 2023 (Statistikkbank, SSB). På bakgrunn av dette føler kommunen seg viss på at det arealet som i denne planen er sett av til bustadføremål, er både realistisk og i samsvar med kjende data og utviklingstrekk i kommunen.

### BYGGJEOMRÅDE FOR FRITIDSBUSTADAR

Planprogrammet syner at det skal vera ein ”*forsiktig utbygging av fritidsbustader*”. Vidare går det fram av *Retningsliner til utarbeiding av arealdelen* at det kan tillatast fortetting og varsam utviding i utbygde områder for fritidsbustader med godt etablert infrastruktur.

Planforslaget legg opp til ein særmoderat auke i talet på nye tomter til fritidsbustad. Eitt nytt byggjeområde, på ca 14 daa, er lagt inn i arealdelen. Dette er ei utviding av eksisterande regulert område. Utover dette vidareførast dei utbygde eller delvis utbygde byggjeområda for fritidsbustadar frå kommuneplanen 2003-2015. På bakgrunn av dette finn kommunen at det også i kommande planperiode 2011-2023 vil vera tilstrekkeleg med tomter til fritidsbustad.

Det er i planen ikkje opna for spreidd hyttebygging.

### NÆRINGSFØREMÅL

Fylkesplanen for Hordaland tek opp verdiskaping som viktig tema, så vel i form av privat næringsliv og offentleg sektor. Visjonen i fylkesplanen er at ”*Hordaland skal vera mellom dei mest innovative regionane i Europa i næringar der fylket har særlege føremoner, med vekt på lønsemd, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling*”. Planprogrammet og arealdelen til kommuneplanen følgjer opp denne visjonen gjennom at det vert lagt ut nye areal til næringsutvikling og offentlege føremål.

Sveio kommune skal vera med i konkurransen om lokalisering av næringsverksemd. Kommunen ligg sentralt plassert langs hovudferdselsårer mellom Stord og Haugesund og Bergen og Stavanger. På bakgrunn av dette er større næringsareal søkt plassert langs dei to hovudferdselsårene gjennom kommunen, Rv47 frå Haugesund og E39 mellom Stavanger og Bergen. Areal som er sett av ligg i hovudsak nær Sveio sentrum. Målsetinga er samlokalisering med vegnett, nærleik til sentrum og eksisterande næringsverksemd i kommunen. Hovuddelen av næringsareala vert likevel ikkje lokalisert heilt nær sentrum då etablering av næringsareal og medfølgjande transportnett bør skjermast i høve til etablerte bustadfelt med omsyn til transportverknadar, støy, mv.

Planprogrammet held fram næringsutvikling og sysselsetjing som eit viktig mål, og samfunndelen viser til ”*offensiv næringsutvikling*”. *Retningsliner til utarbeiding av arealdelen* legg difor opp til at det skal leggjast til rette for nye områder i tilknytning til offentleg infrastruktur og at ein skal unngå konflikt med andre byggjeområder eller verneinteresser. Det skal vidare leggjast til rette for etablering av handel og kontor, større verksemd og lettare industri. Det er difor lagt inn ca 1393 daa areal for næringsverksemd i kommunen i neste planperiode. Av dette ligg 794 daa alt i kommuneplanen for 2003 – 2015 som offentleg areal på Tjernagel. Det nemnde arealet er i dag hovudsakleg i bruk for tele- og radionettet, med kortbølgjesendarar. Dette arealet er òg redusert i høve til storleiken det hadde med offentleg føremål (950-1000 daa). Vidare tek somme av dei nye byggjeområda for næring utgangspunkt i eksisterande arealbruk, der verksemda tidlegare har vore lokalisert

## KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023

---

med anna føremål (LNF). Når ein vurderar samla næringsareal bør ein difor justere for denne føremålsendringa. Me står då att med 599 daa til næringsføremål, eller 50 daa per år inkl ein stor andel grøntområder, buffersoner, infrastruktur, mv. I praksis vil omlag 25 daa la seg bebygge per år. Dette samsvarar med den næringsatsinga planprosessen har lagt opp til, og peikar i same retning som den etterspørselen etter areal kommunen har opplevde dei siste få åra.

Planen legg vidare opp til områder for energiproduksjon, der særleg eitt utpeikar seg som stort (Nordskog-Hovda). Desse innspela er komne frå store aktørar innanfor kraftbransjen, og det er her tale om fornybar energi.

### OFFENTLEGE FØREMÅL

Det er sett av 752 daa til offentlege føremål. Kommunen hadde i kommuneplan av 2003 avgrensa areal til offentlege føremål, med unnatak av det store arealet på Tjernagel (var 950-1000 daa). Denne føremålsendringa, som skildra under punktet 'næringsføremål', medfører at talet på daa til offentlege føremål reduserast frå gjeldande plan til planforslaget som no ligg føre.

Dei nye areala for offentleg føremål er meir sentralt plasserte i dei delar av kommunen ein forventar seg at offentlege verksemder vil kunne etablere seg. Kommunen ligg sentralt plassert i Sunnhordland og Haugalandet, og særleg med tanke på sentralisering av dei offentlege funksjonar som skal dekkast i begge regionane. Me har ambisjonar om at det i planperioda 2011-2023 vil skje etablering av nokre få større, offentlege verksemder i kommunen. Arealet som er sett av i planen reflekterar dette, ilag med den pågåande sentraliseringsdebatten av somme offentlege verksemder i regionen.

### NAUST

Samfunnsdelen til kommuneplanen opnar for ”*noe utbygging av naust*” i kommunen og *Retningslinjer for utarbeiding av arealdelen* viser at det kan opnast for fortetting og utviding av eksisterande byggjeområde for naust. Vidare visast det til at somme veleigna områder til naustføremål i Kystsoneplanen bør vurderast lagt inn i planen. Kommunen legg i denne planperioden ikkje ut nye urørte områder for naustbygging, men vektlegg stor grad av fortetting og etablert arealbruk. Gjennom å leggja slike naustområder inn i kommuneplanen sin arealdel som byggjeområde opnar det for fortsett vedlikehald og utvikling av områda med slik arealbruk.

Byggjeområde for naust vil visast i plankartet som ”*andre typer nærmere angitt bebyggelse og anlegg*”, med SOSI-kode 1500 og påskrift Na\_00 (jf. pbl. § 11-7 nr. 1).

### SMÅBÅTHAMN

Sveio kommune grensar i hovudsak berre til sjø, og har lange maritime tradisjonar. Difor er behovet for båt plassar stort i kommunen. Dette går òg fram av planprogrammet, der ein skal



legge til rette for småbåthamner. Det er lagt inn fleire nye småbåthamnar i planforslaget, og ein har teke utgangspunkt i å fordela desse over heile kommunen med von om kortare avstandar mellom brukarane og båtplassane. Ein har òg vektlagt lokalisering til heilårsbusetnad og fritidsbusetnad. Det vert stilt krav til storleik og tilleggsfunksjonar for småbåthamnar i føresegnene til planen. Gjestekai, båtopptrekk, mv skal sikre ålmenn tilkomst. Vidare opnast det for felles anlegg og parkeringsplassar på land i slike områder. Det er kommunen sitt utgangspunkt at dei mange småbåthamnene vil dempe presset på den urørte strandsona i kommunen.

## FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL

Eksisterande campingplassar og områder for utleiehytter vert lagd ut med føremålet fritids- og turistformål. Det vert stilt krav om reguleringsplan for alle nye tiltak på så vel eksisterande som nye campingplassar. Vidare legg planen opp til nokre få nyetableringar innanfor fritids- og turistnæringa.

## OMRÅDER FOR RÅSTOFFUTVINNING

Dette arealføremål vert i *Retningslinjer for utarbeiding av arealdelen* nemnt saman med den offensive næringsutviklinga. Næringsverksemd i form av masseuttak/steinbrot er med på å auka verdiskapinga i kommunen, samtidig som det dekkjer eit stort behov i regionen. Ein legg opp til å vidareutvikle somme av dei uttaka som allereie finns i kommunen, og at nye uttak plasserast i tilknytning til eksisterande.

Arealdelen skal vise alle områder for råstoffutvinning, både eksisterande og planlagde. Eksisterande masseuttak vert vidareført. For alle nye masseuttak vert det stilt krav om reguleringsplan med driftsplan godkjent av så vel kommunen som av Direktoratet for mineralforvaltning.

## LNF-OMRÅDER

I landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) inngår område for landbruk samt område med natur- og friluftssinteresser.

LNF-områda i arealdelen er delt i 2 hovudkategoriar:

1. LNF-område utan føresegner om spreidd bustadbygging, reine LNF-område.
2. LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging, SB-område.

LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging er ein føremålskategori som opnar for enkelte nye bustader innanfor eit avgrensa område. *Retningslinjer for utarbeiding av arealdelen* viser at ein ønskjer å leggja til rette for nye områder i tilknytning til infrastruktur, og at ein skal vurdere utviding/avgrensing av eksisterande områder ut i frå infrastruktur. Det vert ikkje lagt inn nokre nye områder for spreidd bustadbygging i kommuneplanen, men nokre eksisterande område vert utvida for å sikra fortsett grunnlag for landbruket og dei spreidde bygdene.

Plankartet visar med parentes kor mange nye bustader som kan førast opp i kvart område i planperioda. Det kan i desse områda byggjast inntil tre heilårsbustadar i same område utan krav til reguleringsplan.

Dei siste åra har bustadbygginga i kommunen vorte meir konsentrert kring regulerte byggjefelt, og dei siste par åra har bygginga i LNF-spreidd vore særst moderat i kommunen (5 einbustadar per år). Kommunen bereknar at det i planperioda 2011-2023 vil verte bygd ca 60 einingar.

Det er ikkje opna opp for spreidd hyttebygging i LNF-områda.

## OMSYNSSONER

### *Støysoner*

I følgje retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging bør alle tilgjengelige støysonekart visast i arealdelen til kommuneplanen.

*”Kommunen har ansvaret for å inkludere og synleggjøre støysonekart i kommuneplanen på en egnet måte, for eksempel på kommuneplanens arealdel, som eget temakart i kommuneplanen eller som tematisk kommunedelplan” (jf. T-1442, retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging)*

I 2011 fekk kommunen tilgong til støysonekart for hovudvegane i Sveio frå Statens vegvesen. Desse vert viste som temakart til arealdelen og ligg som vedlegg til føresegnene. For å unngå bygging av mellom anna bustadar i støygenererande område, kan kommunen gjennom føresegnene stille krav til lokalisering av tiltak eller at reguleringsplan vert utarbeida for utbyggingsområde innafor gul eller rødt støysone. I reguleringsplanarbeidet skal då ein ROS-analyse og ev. konsekvensutgreiing avklara kor vidt det er forsvarleg å plassera tiltaket i området.

### *Landbruk, naturmiljø og friluftsliv*

Gjennom å tidleg i planprosessen vurdere viktige områder for friluftsliv (F), naturområde (N) og større, samanhengande areal for landbruk (L), har ein allereie før plassering av nye byggjeføremål teke stilling til dei areala der det skal vurderast særskilt omsyn. Dette har redusert konfliktgrada til nye byggeområde i planen.

Landbruks-, natur- og friluftsområde kan ikkje skiljast frå kvarandre på arealplannivå. Det er likevel anledning til å vise i plankartet kven av dei tre interessene som er den dominerande. Det gjerast ved hjelp av omsynssoner. Fleire område for LNF-F og LNF-N vert vidareført i planen som omsynssoner med respektive føremål, men det har også lagt inn fleire nye LNF-område med omsyn til L, N eller F. På arealplankartet er det no vist dei viktigaste friluftsliv- og naturområda (LNF-F og LNF-N) og eit område nord for Sveio sentrum er sett av med omsyn

til landbruk (LNF-L). Ved val av slike områder tek vi utgangspunkt i kjennskap til bruken av friluftsområder i kommunen samt kartlegging over viktige naturtypar og viltområde.

Andre områder i kommunen kan vurderast som like viktige for landbruket, men vert vurdert å vera meir utbygde og ikkje like samanhengande. Nordre del av kommunen har til dømes gode landbruksareal i drift, men grunna tett utbygging vert det vanskeleg å vise områda som kjerneområde for landbruk i plankartet.

Sveio kommune har ikkje tidlegare teke stilling til viktige landbruksareal i kommuneplankartet. Grunngevinga for dette kan vera delvis fordi det er eit spreidd landbruksmønster i kommunen, der det er vanskeleg å vurdere kor dei beste områda for landbruk ligg. Det er ikkje mange store, samanhengande areal i kommunen. Desse er ofte spreidde mellom heilårs- og fritidsbusetnad.

### *Naturresevat og kulturmiljø*

Planen syner òg omsynssoner for naturresevat og kulturmiljø. Dette er lokale kartleggingar, der sistnemnde kom til som ein del av planprosessen. Det vert synt til vedlegg 1a og 2a.

### BANDLAGDE OMRÅDE

Arealkategori for bandlagde områder omfattar område som er eller skal sikrast gjennom detaljplanlegging etter plan- og bygningslova (reguleringsplan) eller gjennom vernevedtak i sektorlov/forskrifter (naturvernlov, kulturminnelov, drikkevannsforskrift m.v.) Slike områder visast i plankartet og ligg som sikringssone. Dette gjeld mellom anna bandlegging av drikkevasskjelder. Grunna endra vurdering av vassressursane i kommunen her fleire bandlagde områder for drikkevatt fjerna frå planforslaget. I søre del av kommunen vil ein i kommande planperiode kjøpe vatn frå Haugesund kommune. Områder som vert liggjande som nedslagsfelt for drikkevasskjelder er Furevatnet, sør for Sveio sentrum, og Joavatnet ved Førde. I slike bandlagte områder vert det ikkje tillete tiltak og aktivitetar som vil vanskeleggjera bandlegginga si hensikt.

### BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

Samfunnsdelen viser at ”Sveio skal føre ein politikk som sikrar fiske- og oppdrettsnæringa sine langsiktige interesser”. Likevel har det i løpet av planprosessen vorte klårare at den politiske styringsgruppa ikkje vil utvida bruk av sjøareala til akvakultur. Fleire akvakulturområde går med dette ut av planen, men ein tek sikte på å behalda dei lokalitetane som i dag har godkjenning for oppdrettsverksemd. *Retningslinjer for utarbeiding av arealdelen* viser at områder nær land, utan aktivitet, kan revurderast og at utviding av anlegg skal plasserast frå land.

I arealplanen er det sett nye areal til akvakultur som tilsvarar ca 554 daa av sjøareala. Dette er ein kraftig reduksjon i høve til kommuneplanen av 2003. I tillegg kjem ca 7830 daa sett av til føremål for fleirbruk – Fiske, Ferdse, Natur, Friluftsliv og Akvakultur (FFNFA). Oppdrett

vert berre tillete i dei områda som er vist som område for akvakultur (A) og FFNFA-område i kommuneplanen. Område som visast som reine A-områder omfattar godkjent oppdrettslokalitet med ferdselsforbodssone. I områder som er sett av til fleirbruk (FFNFA) vert det tillete annan aktivitet, som fiske og ferdsel, når det ikkje er i strid med løyve gjeve etter oppdrettslova. I FFNFA-områda vert det ikkje tillate oppdrettsaktivitet som er i konflikt med sjøverts trafikk.

## VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

Når det gjeld infrastruktur og transportmessige utfordringar viser fylkesplanen for Hordaland at ein ønskjer å satsa særskilt på mellom anna kyststamvegen E39. I kommuneplanen for Sveio er det lagt til rette for utbetring av E39 i form av å leggja om E39 utanom tettstaden Førde, korte ned og legge delar av strekninga i tunnel, samt utbetre farleg kryss på delar av strekninga nord for Førde mot Bømlafjordtunnelen.

Det er også lagd opp til å leggja til rette for nye vegtraséar langs riks- og fylkesvegar. Det gjeld mellom anna sikring av trafikkfarlege strekkingar. Det visast i plankartet mindre omlegging av Rv47 ved kommunegrensa i sør. Vidare vert det mellom anna vist ny kommunal veg frå Rophus til Rv47, omlegging av Fv6 frå Sveio sentrum til Bua og nye gang- og sykkelvegar.

## UNIVERSELL UTFORMING

Fylkesdelplan 2006 – 2009: Deltaking for alle – Universell utforming, gjev følgjande definisjon av universell utforming;

*”Utforming av produkt, tenester og omgjevnader, slik at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing eller spesiell utforming”*

Det er i føresegnene sett krav til universell utforming, og at bygningar og uteområder skal utformast slik at dei kan brukast av alle, utan tilpassing eller spesiell utforming.

## 3 VEDLEGG

Vedlegg:       Konsekvensutgreiing med ROS-analyse

1a: Oversikt over dei omsynssoner som omfattar kulturminner og –miljø, med skildring av verneinteresse.

2a: Oversikt over viktige natur- og viltområder

# KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023

## VEDLEGG 1a

### FORVALTNING AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I SVEIO - OMSYNSSONER –

Kartlegging av verneverdige kulturminner og –miljø.

NUMMER	STAD/LOKALITET	VERNEVERDI	SKILDRING AV VERNEVERDI
H570_1	Tittelsnes (del av 4/1 m.fl.)	Stor	Tittelsnes fort, militærhistorisk landskap, instruksjons-/forlegningsbrakker, tilfluktsrom/lager, stillingar, bunkarar og løpegraver. Forsvarsbygg har igongsett planlegging/vern. Regional verneverdi, jf. Forsvarsbygg.
H570_2	Tittelsnes (4/76)	Liten	Eldre bygning med særprega arkitektur. Buffersone. Lokal verneverdi.
H570_3	Haugsgjerd (6/1, 68)	Middels	Tidstypiske tun, delvis intakt. Høg lokal verneverdi.
H570_4	Einstadbøvoll (7/1)	Særs stor	Einstadbøvoll gard. Vedtaksfreda tun, bygningsmiljø. Steingardar og kulturlandskap. Automatisk freda kulturminne (buplass). Nasjonal verneverdi.
H570_5	Leirvågen, Valevåg	Middels	Kolerakyrkjegard med eige opus. Høg lokal verdi.
H570_6	Valevåg (9/8 m. fl.)	Middels	Farten Valen sitt landskap, Valenheimen. Godt bevart kunstnarheim. Høg lokal verdi.
H570_7	Vihovdevika	Stor	Unikt naustmiljø/naustrekke. Regional verneverdi
H570_8	Haugsbø (1/1)	Liten	Eldre våningshus med tun. Lokal verneverdi.
H570_9	Staupe (117/2, 3)	Middels	Eldre tun, delvis modernisert. Eldre naustmiljø. Kulturlandskap. Høg lokal verneverdi.
H570_10	Førdebygda (121/1, 3 m.fl.)	Middels	Eldre bygningsmiljø, delvis intakt. Nye tiltak i området bør særleg tilpassast omgjevnadane. Eldre naustområde (121/3 m. fl.). Tidstypisk tun (121/1). Automatisk freda kulturminne av ymse verdi (buplassar, gravfelt). Høg lokal verneverdi.
H570_11			
H570_12			
H570_13			
H570_14	Røykjenes	Stor	Eldre bygningsmiljø, naustmiljø.

## KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023

	(111/3 m.fl.)		Automatisk freda kulturminne. Kulturlandskap. Regional verneverdi.
H570_15	Oa (107/4)	Stor	Tidstypisk tun. Steingardar, kulturlandskap. Regional verneverdi.
H570_16	Oavika (107/1 m. fl.)	Middels	Eldre naustmiljø, delvis intakt. Høg lokal verneverdi.
H570_17	Lyngbakken (80/4)	Middels	Tidstypisk tun. Buplass. Høg lokal verneverdi.
H570_18	Sveio sentrum, Sveiahaugen (40/5)	Liten	Nedlagd gravplass. Lokal verneverdi.
H570_19	Sveio sentrum, Sveia garden (40/12)	Middels	Tidstypisk tun med eldhus, våningshus og driftsbygning. Høg lokal verneverdi.
H570_20	Nordre Mølstre (60/6, 8 m. fl)	Stor	Bentehuset med tun. Tidstypiske tun i særprega kulturlandskap. Regional verneverdi.
H570_21	Ryvarden Fyr	Stor	Kysthistorie. Særprega arkitektur. Kystlandskap. Regional verneverdi.
H570_22	Lyngholm (57/2, 3)	Middels	Særprega bygningsmiljø, kystmiljø, kystlandskap. Sjøhus/næring. Gravrøyser. Høg lokal verneverdi.
H570_23	Nesheim (55/4)	Middels	Militærhistorisk landskap. Bunkarar og løpegraver. Høg lokal verneverdi.
H570_24 H570_27 H570_28	Hovda (55/3, 17 m.fl)	Stor	Gullbrot, gullvaskeri, demning. Industrielt kulturminne. Regional verneverdi.
H570_25 H570_26	Hovda, vest for Buavåg (55/2, 5 og 52/1)	Liten	Bygningsmiljø. Lokal verneverdi.
H570_29	Kvitaneset, Buavåg.	Middels	Gravrøys. Høg lokal verneverdi.
H570_30	Tjernagelhaugen – Vardaneset (50/26 m.fl.)	Stor	Særprega kystlandskap med fornminner og bygningsmiljø. Gravrøyser, buplassar og handelsstad. Regional verneverdi.

## VEDLEGG 2a

### VIKTIGE NATUROMÅRDER

#### VIKTIGE NATUROMRÅDER - NATURRESERVAT

IDENTITET I PLANKARTET	STAD/LOKALITET	INTERESSE/VERN
H720_1	Hopsfjellet Naturreservat	Vern av skogsområde etter brann. Ein ønskjer å auka kunnskapen om korleis plante- og dyreliv "tek seg opp att" etter ein skogbrann.
H720_2	Lokna Naturreservat	Vern av eit produktivt trekk- og hekkeområde for ender og vadefuglar, samt trekk- og vinterområde for songsvane.
H720_3	Færås Naturreservat	Vern av eit våtmarkskompleks, primært med sentral hekefunksjon for kjerrsongarar (sivsongar og røyrsongar).
H720_4	Skiftestad Naturreservat	Vern av eit nokså påverka område med hekefunksjon for grasender, og flokkfunksjon for brunnakkehannar etter paringa.
H720-5	Bjellandsvatnet Naturreservat	Vern av eit særskild produktivt våtmarksområde, som har fleire funksjonar og eit høgt tal observerte artar.
H720_6	Mannavatnet Naturreservat	Vern av vatn med trekk- og vinterfunksjon for dykkender og hekefunksjon for storlom.
H720_7	Viksefjord Naturreservat	Vern av eit produktivt gruntvassområde av særleg verdi for trekkande ender, gjess og vadefuglar.